

Bufellesskapet på Stølen opnar 1.august.

15.04.2016



I august flyttar 5 ungdommar frå Afghanistan inn på Stølen saman med tilsette.

Det har lenge vore kjent at det skal startast opp to bufellesskap for unge flyktningar her i kommunen; - eitt på Valen og eitt på Stølen sentralt i Uskedalen. Førebuingane er alt godt i gang. Det er tilsett godt kvalifisert personale, og dei førebur seg no slik at dei skal vera godt rusta til første bufellesskapet opnar på Valen 1.juni.

Ungdommane som skal bu i begge fellesskapa er flyktningar mellom 13 og 15 år. Det skal bu 5 på Stølen, og det er no klart at dei kjem frå Afghanistan. Ved utlysing av stillingane var det veldig mange søkerar, og det har resultert i ein svært solid stab med Vigdis Gammelsæther som leiar. Ho er tilflyttar til kommunen og har før ho fekk stillinga m.a. markert seg positivt på ulike område innan frivillig arbeid. Eg kjenner til at ho var ein av dei to initiativstakarane til oppstarten av Møteplass for integrering: Kvinnherad Røde Kors, og ho er ein av leiarane av klatreakтивитeten i Aktivitetshuset.

Til Kvinnheringen sitt fredagsnummer seier Vigdis Gammelsæther m.a. at dei vil jobba tett med lokalsamfunnet, skular, lag og organisasjonar for det skjer veldig mykje godt miljørarbeid i kvar dagslivet til ungdommane

Gammelsæther har stor tru på at tilbodet til dei mindreårige flyktningane vil verta bra, og ho er svært godt nøgd med staben. Det vert døgnbemannning på bufellesskapa, og det skal alltid vera to tilsette på jobb. Sjølv om dei er godt rusta, veit Vigdis Gammelsæther også at det vil komma utfordringar. Det er ei stor omstilling for ungdommane. Etter å ha hatt fullt ansvar for seg sjølv medan dei har vore månadsvise på flukt der dei har sove og ete når dei har kunna, skal dei no inn i eit fellesskap med rammer og reglar. I denne samanhengen vert det viktig at dei har gode tilsette i ei foreldrerolle som gjer at ungdommane føler at dei vert sett og høyrte. Ikke minst vert det også viktig at vi i lokalmiljøet tar mot dei på ein god måte og samarbeider godt med dei som er tilsett i bufellesskapet.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland